



Uskedalen har fjellgeiter i alle aldrar. Her er Solveig Haugland, Johanna Yri og Tordis Myklebust. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Både unge og eldre i Uskedalen er svært så flinke til å ta seg ein tur til fjells og på torsdagskvelden var rundt 20 av fjellgeitene samla til den årlege markeringa i Helgheim: Utdeling av premiar og kåring av dei flinkaste fjelltrimmarane i året som gjekk.

Leiar i turgruppa Steinar Haugland kunne slå fast at 99 hadde tilfredsstilt krava til fjelltrimmen i 2009. Deltakinga har med andre ord lege på same nivå som i tidlegare år.

Han kunne kåra Arne Hauge til den største poengplukkaren blant dei vaksne nok ein gong og Solveig Haugland til den største blant dei under 12 år. Arne kom dette året i mål på 2.596 poeng medan rekorden hans er 3.314.

I dei seinare åra har han toppa statistikken med eitt unnatak. Det var i 2007 då Tordis Myklebust gjekk til topps. Ho var ikkje så langt etter i 2009 heller ettersom ho samla 1.564 poeng. Og ho er fødd i 1930! Men også i fjor var den no 84 år gamle Johanna Yri den eldste fjelltrimmaren.

Dei beste trimmarane vart påskjønta med kvart sitt krus som det sto 'Årets Fjellgeit' på. Dei er produsert av AFA som har fått ein ny, imponerende maskin.

Elles var det Atle Helland som stjal kvelden med Iljosbiletetekåseriet sitt om den 2 veker lange Svalbard-turen i august. Under ideelle ver- og ljostilhøve fekk Helland 'skote' ein utruleg fotoserie frå ein natur og eit dyre- og fugleliv som er heilt unikt.

I presentasjonsbrosjyra for turen vart det lokka med at ein draum kunne bli til verkelegheit. Men den flinke fotografen frå Valen slo fast at draumen faktisk hadde vorte til verkelegheit og han anbefalte fleire til å ta turen.

Av Ola Matti Mathisen